



Jm Norge AS
Postboks 453
1327 LYSAKER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/173 - 19/4641

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
28.02.2019

Godkjenning av seksjonering GBNR 23/585 Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 43/2019

Saksutgreiing:

Søknad om seksjonering av denne eigedommen er datert 22.01.2019. Søknaden hadde manglar og det vart sendt mangelbrev. Kommunen retta opplysningar i innsendt skjema- etter fullmakt frå innsendar Adv Paul Vikse. Adv Vikse sendte inn nye vedtekter og nye planteikninga av bygget.

Kommunen har mottatt fullstendig søknad om seksjonering av eigedommen 23/585, 19.02.2019.

På eigedommen er det under oppføring stort bustadbygg med til saman 29 bustadseksjonar. I plan 2 er det i tillegg ein del av garasjeareal som skal utgjera ein eigen næringsseksjon, S30. Det er tilleggsdel B til alle 29 bustadseksjonane i form av bodar og altanar/ terassar, også tilleggsdel til næringsseksjonen i form av parkeringsplassar. Tilleggsdel altanar er inkludert i omrisset til kvar enkelt bustadseksjon.

Alle seksjonane er klart avgrensa mot kvarandre .

Arealet utanfor bygningskroppen er fellesareal for sameiget.

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiet Løypetona 102-108, gbnr 23/285 i Meland.

Vurdering:

Søknad om seksjonering framstår som ny etter utbedring av manglar i første søknad. Søknaden er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som viser eigedomsgrenser og plassering av bustadbygget på eigedommen. Kommunen har laga kartvedlegget. Det er ikkje endeleg bestemte grenser, då det er utsatt oppmålingsforretning over eigedommen. Bygget er heller ikkje fullstendig registrert. Vedlegg 1
- Planteikningar av bustadbygget med til saman 5 plan, der seksjonsnummera og type rom er påskrive. Vedlegg 2-6
- Vedtekter for sameiet Løypetona 102-108, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er sendt inn av Advokat Paul Vikse, men signert av Stian Raunehaug for eigar JM Norge AS.
- Det ligg ved fullmakt, ma til seksjonering, frå JM Norge AS til Stian Raunehaug. Vedlagt

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Vedtak

Meland kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 30 eigarseksjonar for gbnr 23/585, sameiet Løypetona 102-108, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonsskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-29 er bustadseksjonar der seksjonane har sameigebrøkar frå 536/25307 til 959/25307. Seksjon 30 er næringsseksjon og har sameigebrøken 4250/25307. Dei ulike bustadseksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med etasjeskiller og deleveggjar mellom bueningane. Seksjon 1-29 har tilleggsareal B som er boder. Altanar/ terassar er tatt inn i omrisset av den enkelte bustadseksjon. Seksjon 30 er næringsseksjon som består av 16 parkeringsplassar, inkl 1 HC parkering. S 30 har tilleggsareal som utgjør 18 parkeringsplassar.

Utearealet på eigedommen er registrert som fellesareal i matrikkelen.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 23/585 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar.

Etter Meland kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.3 er gebyret for 30 seksjonar kr 28600,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om seksjonering_retta
23_585_ kartvedlegg seksjonering
1 Plan 1.etasje Hus 1
2 Plan 2.etasje Hus 1 (A3)
3 Plan 3.etasje Hus 1
4 Plan 4.etasje Hus 1
5 Plan 5.etasje Hus 1

Kopi til:

Advokatfirmaet Vikse AS	Postboks 95	3101	TØNSBERG
-------------------------	-------------	------	----------

Mottakere:

Jm Norge AS	Postboks 453	1327	LYSAKER
-------------	--------------	------	---------